



**OBS at nokre saker kan vera U.  
off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 10. april 2012

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Mandag 16.04.12 kl. 14.00**

**i Kommunestyresalen**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no).  
Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Samnanger kommune (har møte- og talerett)  
Deloitte AS (har møte- og talerett)  
Rådmannen i Samnanger kommune

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
07/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
08/12	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.02.12	Vedlegg
09/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter	Vedlegg
10/12	Orienteringssaker	Vedlegg
11/12	Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune 2011. Uttale frå kontrollutvalet.	Saka vert ettersendt
12/12	Kontrollrapport 2011 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.	Vedlegg
13/12	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016	Vedlegg
14/12	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016	Vedlegg
15/12	Årsmelding for kontrollutvalet for 2011	Vedlegg
16/12	Gjennomgang av møteprotokollar	
	Ymse	



SAMNANGER KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 21.02.12                      **Kl.:** 14.00 – 17.30                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 01/10 – 06/12

### MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

### DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Svein Verner Røseth (Frp)

Lena Tveit (Bygdalista)

**FORFALL** – ingen forfall

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte v/ Gunnar Husabø og Ida Nerbø

Ordfører Marit Aksnes Aase var med i starten av møtet under meldingar og orienteringssaker

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
01/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/12	Protokoll frå siste møte i kontrollutvalet 13.12.11
03/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter
04/12	Orienteringssaker
05/12	Gjennomgang av møteprotokollar
06/12	Gjennomføring av prosess for vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll
	Ymse

**01/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE****HANDSAMING I MØTET**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**VEDTAK**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

**02/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.12.11.****HANDSAMING I MØTET**

Sak om rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstjenesta skal handsamast i kommunestyret i morgon, 22.02.12. Det vart påpeika at det er viktig at kommunestyret får ei innleiande orientering når saka skal opp. Deloitte vil freista å ordna med at nokon møter og presenterer rapporten. Kontrollutvalsleiar vil supplera når det gjeld orientering frå handsaminga i kontrollutvalet. Det framkom elles ikkje merknader til protokoll frå møte 13.12.11.

**VEDTAK**

Protokollen frå møte 13.12.11 vart samrøystes godkjend.

**03/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER**

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret i Samnanger	Vedtak om: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2012</li> <li>• Budsjett 2012</li> </ul>
3	Sekretariatet / økonomisjef	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2012</li> </ul>
	Evt. andre meldingar	Ymse

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Meldingane vert tekne til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Under utvalet sitt kvarter vart det teke opp spørsmål om kor mykje kommunen totalt brukar på konsulentutgifter i løpet av året. Det vart svara at dette vil koma fram i rekneskap for 2011 som vert lagt fram nå snart. Det vart og peika på at det er viktig å fokusera på kvifor ein nyttar konsulentar. Dette kan til dømes dreia seg om tidsavgrensa arbeidsoppgåver, oppdrag der det trengs spesialkompetanse og ved vakanse i stillingar. I slike høve vil det vera ein god og billeg måte å løysa det ved å leiga inn konsulent-tenester.
2	Kommunestyret i Samnanger	Aktuelle vedtak om godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2012, samt budsjet for 2012 vart gjennomgått og drøfta. Til neste møte skal sekretariatet skaffa reglement for godtgjersle for politikarar til kontrollutvalet.
3	Sekretariatet / økonomisjef	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2012 vart gjennomgått og drøfta. Det vart avklara at løyving til rekneskapsrevisjon er i tråd med avtale med revisor. Ramma for kontrollutvalet sitt budsjet er auka med kr. 30.000,- i 2012. Det inneber likevel at ramma er så knapp at det kun er rom for å gjennomføra arbeid med pålagde planar i 2012. Dersom uforutsette prosjekt kjem opp må ein søkja kommunestyret om ekstraløyving. Budsjettet vart teke til orientering.

Evt. andre meldingar	Ymse. Sekretariatet orienterte om at årsrapport frå skatteoppkrevjar i Samnanger er motteke til kontrollutvalet, men at ein ennå ikkje har motteke rapporten frå Skatt Vest. Årsrapportane vil bli lagt fram som sak på neste møte.
----------------------	---

**VEDTAK**

Meldingane vert tekne til orientering.

**04/12 ORIENTERINGSSAKER**

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Sekretariatet	Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune
2	Sekretariatet	Om ordning med lese Brett til politikarar også skal gjelda kontrollutvalet
3	Sekretariatet	Vidare opplæring – aktuelle tema i kontrollutvalsmøter
		Ymse

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Sekretariatet	Presentasjon av kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune vart gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet er nøgd med måten opplysningar og innkallingar og protokollar kjem fram på. Sekretariatet syter for at nokre telefonnummer vert oppdaterte.
2	Sekretariatet	Det er nå avklara at ordning med lese Brett til politikarar også skal gjelda kontrollutvalet. Praktisk opplegg for dette, samt opplæring i bruken, vart drøfta medan ordførar var med i møtet. Tre av kontrollutvalsmedlemmane får Ipad i samband med verv i kommunestyret. Det er såleis to medlemmer som må få Ipad som medslimmer av kontrollutvalet. Ordførar tek kontakt med dei to det gjeld vedr. utlevering av Ipad. Sekretariatet syter for at det vert planlagt opplæring i samband med neste møte i kontrollutvalet.
3	Sekretariatet	Vidare opplæring – aktuelle tema i kontrollutvalsmøter i 2012: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentera kontrollutvalet, oppgåver og rollefordeling i kommunestyret i juni-møtet</li> <li>• Ta opp spesielle emne i møter og få orientering om t.d. internkontrollen til rådmannen og korleis kommunen førebur seg til "Samhandlingsreforma". Sekretariatet syter for å laga ei skisse på aktuelle emne å ta opp til neste møte.</li> </ul>
		Ymse – ingen orienteringssaker under ymse

**VEDTAK**

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

**05/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR****FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Dei aktuelle møteprotokollane med saklister vart gjennomgått. Nokre av sakene vart teke opp og drøfta, men det var ingen saker ein ville undersøka nærmare på noverande tidspunkt. Kontrollutvalet gjorde samrøystes vedtak om å ta møteprotokollane til orientering.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**06/12 GJENNOMFØRING AV PROSESS FOR VIDARE ARBEID MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL****FORSLAG TIL VEDTAK:**

Det vert ikkje lagt opp til å fatta vedtak i saka.

**HANDSAMING I MØTET**

Gunnar Husabø og Ida Nerbø leia prosess med kontrollutvalet vedr. arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Aktuelle prosjekt vart drøfta ut frå kva ein såg på som område i kommunen som kan vera sårbare og risiko-fylte. Dei innspel som kom frå kontrollutvalet under gjennomføring av "risikospelet" vert arbeidd vidare med i planprosessen.

**VEDTAK:**

Det vert arbeida vidare med aktuelle prosjekt i tråd med innspel frå kontrollutvalet.

**YMSE**

Det var ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 16. april 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**
**Sak:** 09/12

### 09/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg</li> <li>• Samhandlingsreform – godkjenning av avtalar om samarbeid</li> </ul>
3	Samnanger kommune	Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde
	Evt. andre meldingar	Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

#### Vedlegg:

- Vedtak frå kommunestyret vedr. :
  - Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg
  - Samhandlingsreform – godkjenning av avtalar om samarbeid
- Reglement godtgjersle for folkevalde

UTDRAG FRÅ PROTOKOLL FRÅ KOMMUNESTYREMØTE 22.02.12**SAKNR. 003/12****SAMHANDLINGSREFORM - GODKJENNING AV AVTALAR OM SAMARBEID****07.02.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ”Samnanger kommune godkjenner dei framlagde avtalane slik dei ligg føre.”

**OO-002/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune godkjenner dei framlagde avtalane slik dei ligg føre.

**22.02.2012 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**KS-003/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune godkjenner dei framlagde avtalane slik dei ligg føre.

\*\*\*\*\*

**SAKNR. 010/12****FØRVALTNINGSREVISJON PLEIE OG OMSORG****13.12.2011 KONTROLLUTVALET**

Handsaming i møtet:

Aslak Svindland presenterte rapporten etter prosjekt med forvaltningsrevisjon som gjeld tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta. Kontrollutvalet drøfta rapporten og dei tilrådingar som kjem fram.

I drøftinga kom det fram at det er tenestetildeling og økonomistyring som har vore fokus-område for arbeidet, medan det og er andre områder innanfor pleie og omsorg som burde vore sett fokus på. Det vart peika på at til dømes sjukefråvær og grunnbemanning og kapasitet innanfor sektoren er ei utfordring, særleg vil det vera eit aktuelt fokus-område nå når samhandlingsreforma skal innførast. Dette er ting ein bør koma attende til i samband med å velja prosjekt når arbeid med ny plan for forvaltningsrevisjon startar opp.

Kontrollutvalet meiner det er mykje positivt som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten, og at det ser ut til at institusjonstenesta fungerer godt i Samnanger kommune. Tenestetildeling vart utøvd på ein god måte, medan det framleis er behov for meir kompetanse når det gjeld økonomistyring.

**VEDTAK I KONTROLLUTVALET 13.12.2011:****Tilråding frå kontrollutvalet:**

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune.

2. Kommunestyret ber rådmann syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:

a. Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld

i. å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova

ii. å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova



iii. å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova

iv. utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova

b. Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.

c. Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.

d. Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.

3. Kommunestyret ber om at rådmannen gjev melding tilbake om kva som er gjort, og kva tiltak som vil bli sett i verk vidare for å følgja opp tiltaka. Slik tilbakemelding skal leggst fram som melding for kommunestyret 02.05.2012, med kopi til kontrollutvalet

## **22.02.2012 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Aslak Svindland frå revisjonsfirmaet Deloitte og leiar i Kontrollutvalet Jens Harald Abotnes orienterte om revisjonsrapporten som dei har utarbeidd.

Det vart røysta over framlegget frå Kontrollutvalet – framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KS-010/12 VEDTAK:**

#### **Tilråding frå kontrollutvalet:**

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune.

2. Kommunestyret ber rådmann syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:

a. Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld

i. å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova

ii. å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova

iii. å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova

iv. utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova

b. Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.

c. Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.

d. Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.

3. Kommunestyret ber om at rådmannen gjev melding tilbake om kva som er gjort, og kva tiltak som vil bli sett i verk vidare for å følgja opp tiltaka. Slik tilbakemelding skal leggst fram som melding for kommunestyret 02.05. 2012, med kopi til kontrollutvalet

# REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I SAMNANGER KOMMUNE

*Vedteke av Samnanger kommunestyre 27.09.2007. Ajourført 23.12.2011.*

Reglementet gjeld frå og med budsjettåret 2008.

## 1. Ordførargodtgjersle

Ordførar har i 2012 ei godtgjersle på kr. 565.000,- pr. år. *(Då reglementet vart vedteke hadde ordføraren ei godtgjersle på kr. 450.000 pr. år. Etter vedtak i kommunestyret i perioden 2009 – 2011 har godtgjersla auka til kr. 565.000,- pr. 01.01.2012).*

Formannskapet har ansvar for å vurdera godtgjersla kvart år, seinast 1. oktober. Dersom Formannskapet meiner at godtgjersla bør endrast, må det fremjast sak til kommunestyret om dette. Endringar i ordførargodtgjersla skal normalt gjelda frå 1. januar.

Ordførarvervet vert fastsett til 100% stilling. Ordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle. Ordførar vert meldt inn i pensjonsordninga for folkevalde. Godtgjersla til ordførar vert utbetalt i inntil 50 veker ved sjukdom.

Ordførar skal omfattast av § 10 i Hovudtariffavtalen - ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikring - på linje med tilsette i kommunen.

Ordførar har rett til ettergodtgjersle etter utløp av funksjonstida:

- Ordførar som stiler til attval, men som ikkje vert attvalt:
  - Det skal i utgangspunktet utbetalast ettergodtgjersle i tre månader. Dersom ordføraren går over i ny stilling eller til pensjon i løpet av denne tremånadersperioden, vert perioden for etterløn redusert tilsvarende, likevel slik at det minst skal utbetalast etterløn tilsvarende 1,5 månadsgodtgjersle.
- Ordførar som ikkje stiller til attval:
  - Det vert utbetalt etterløn tilsvarende 1,5 månadsgodtgjersle.

## **2. Godtgjersle til varaordførar**

Varaordførar har i 2012 ei godtgjersle på kr. 33.000 pr. år. *(Då reglementet vart vedteke hadde varaordføraren ei godtgjersle på kr. 26.000 pr. år. Etter vedtak i kommunestyret i perioden 2009 – 2011 har godtgjersla auka til kr. 33.000 pr. 01.01.2012).*

Frå og med 2012 vert godtgjersla til varaordføraren regulert i samsvar med godtgjersla til andre folkevalde i kommunen.

Den faste godtgjersla er mellom anna kompensasjon for funksjonen som stadfortredar for ordførar i feriar og ved kortare sjukefråvær hos ordføraren (opptil ein "arbeidsgjevarperiode" på 16 dagar) og på arrangement der varaordførar møter i staden for ordføraren.

I tillegg til den faste godtgjersla vert det utbetalt møtegodtgjersle til varaordførar.

Dersom ordførar vert indisponert i ein lengre periode på grunn av sjukdom e.l. og varaordførar overtek alle oppgåvene til ordførar, skal varaordførar ha utbetalt ordførargodtgjersle. Kommunestyret må i det enkelte tilfelle ta stilling til kva tidspunkt utbetalinga av ordførargodtgjersle skal gjelda frå.

Dersom varaordførar berre overtek delar av ordførar sine oppgåver, kan kommunestyret fastsetja ei passande godtgjersle.

## **3. Godtgjersle til leiarar av utval**

- 3.1 Leiar av utvalet for oppvekst og omsorg, naturutvalet og kontrollutvalet får ei godtgjersle på 2,25% av ordførargodtgjersla pr. år. Dekking av telefonutgifter er inkludert i denne godtgjersla.
- 3.2 Leiar i overformynderiet får ei godtgjersle på 1% av ordførargodtgjersla pr. år.
- 3.3 Leiar i eldrerådet får ei godtgjersle på 0,75% av ordførargodtgjersla pr. år.
- 3.4 Leiarar i andre styre/råd/utval får ikkje fast årleg godtgjersle, berre møtegodtgjersle, dersom kommunestyret ikkje bestemmer noko anna når styret/rådet/utvalet vert oppretta.

Ved fråvær frå meir enn 1/3 av møta i eit kalenderår vert godtgjersla redusert med 25% av årleg fast godtgjersle. Fråvær som skuldast sjukdom - legitimert med legeattest - skal ikkje føra til reduksjon i godtgjersla.

Dersom utvalsleiar har vore indisponert på grunn av sjukdom e.l. samanhengjande i to månader og framleis er indisponert, får nestleiar utbetalt leiargodtgjersle frå og med den tredje månaden. Dersom det før det har gått to månader er klart at leiaren vert indisponert i lengre tid, kan kommunestyret bestemma at nestleiar skal få utbetalt leiargodtgjersle før leiaren har vore indisponert i to månader.

Kyrkjestyret/soknerådet vedtek sjølve kva ordning/sats dei skal ha for økonomisk godtgjersle til leiar, men ordninga må haldast innanfor kyrkjestyret/soknerådet si budsjetttramme. Ved kommunestyret si budsjettildeling til kyrkjestyret/soknerådet vert det lagt til grunn same satsar for leiargodtgjersle som for overformynderiet og same satsar for møtegodtgjersle som for andre møte i kommunale styre/råd/utval. Det vert vidare lagt til grunn ein møtefrekvens på 10 årlege møte.

#### **4. Møtegodtgjersle**

- 4.1 Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer i kommunestyret, formannskapet, utvalet for oppvekst og omsorg, naturutvalet, kontrollutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, overformynderiet og andre andre styre/råd/utval som vert oppretta av kommunestyret.
- 4.2 Kommunalt tilsette og andre som i kraft av si stilling har møteplikt i kommunale organ får ikkje møtegodtgjersle for møte som vert haldne i arbeidstida deira. For møte utanom arbeidstida vert det utbetalt møtegodtgjersle også til denne gruppa.

Kyrkjestyret/soknerådet vedtek sjølve kva ordning/satsar dei skal ha for møtegodtgjersle. Ordninga må haldast innanfor kyrkjestyret/soknerådet si budsjetttramme.

#### **5. Møtetidspunkt**

Møta i kommunestyret skal normalt haldast på dagtid.

Møta i politiske råd og utval vert lagt til det tidspunkt utvala sjølv finn mest høveleg, men i hovudsak etter kl. 14.00.

## **6. Tapt arbeidsforteneste, godtgjersle for barnepass/tilsyn eldre**

Dersom det ved innsendt krav er naudsynt å godtgjera tapt arbeidsforteneste for møte i kommunale styre, råd og utval skal følgjande satsar nyttast:

- 6.1 Inntil kr. 3.500,- pr. møte/reisedag. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar. Dette gjeld alt tap, også for sjølvstendige næringsdrivande. Møte som varar mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.
- 6.2 For medlemmer i politiske styre, råd og utval vert det betalt godtgjersle som for legitimerede krav ved tilsyn av barn/eldre.
- 6.3 Dersom den folkevalde ønskjer å få dekkja tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på kurs, møte og liknande utanom kommunen, må det søkjast (skriftleg eller munnleg) om dette på førehand. Det vert delegert til ordføraren å ta avgjerd i slike saker.

## **7. Reiseutgifter, dekking av telefonutgifter**

Medlemmer i politiske styre, råd og utval får dekkja faktiske reiseutgifter (rimelegaste måte) i samband med møte. Andre reiser i kraft av politiske verv vert dekkja etter det kommunale reiseregulativet.

Dersom den folkevalde ønskjer å få dekkja reiseutgifter i samband med deltaking på kurs, møte og likande utanom kommunen, må det på førehand søkjast om dette (skriftleg eller munnleg). Det vert delegert til ordførar å ta avgjerd i slike saker.

Rekninga skal sendast til kommunen innan 1. desember.

Reglar for telefongodtgjersle:

- 7.1 Ordfører får disponera kommunal mobiltelefon både i og utanom arbeidstida.
- 7.2 Varaordfører får kr. 1.000,- i telefongodtgjersle pr. år.

## **8. Andre tillitsverv**

Folkevalde som er kommunen sine representantar i ulike styre, råd og utval, og får ytingar direkte frå desse, skal ikkje samstundes ha tilsvarande godtgjersle frå kommunen.

## **9. Utbetalingar**

Fast godtgjersle til ordfører og varaordfører vert utbetalt månadleg.

Fast godtgjersle til leiarar i utval vert utbetalt ein gong kvart halvår, normalt i juni og desember.

Møtegodtgjersle vert utbetalt i desember.

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter og godtgjersle for barnepass / pass av eldre vert utbetalt ved første lønnskjøring etter at kravet er levert inn.

## **10. Tolking**

Mynde til å avgjera spørsmål/tvister om tolking av reglementet er lagt til P&Ø-utvalet.



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 16. april 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**
**Sak:** 10/12

### 10/12 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann / administrasjonen	Sak vedr. bygging av kaianlegg Bjørkheim, aktuelle dokument: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brev frå BKK, datert 28.10.11, søknad om løyve til bygging av kai.</li> <li>• Brev frå Fylkesmannen, datert 07.03.12, uttale i saka.</li> <li>• Saksframlegg til naturutvalet sitt møte 28.03.12, ny handsaming.</li> </ul>
2	Sekretariatet	Oppdrag som Deloitte evt. utfører for kommunen utanom bestilling frå kontrollutvalet
3	Sekretariatet	Drøfting av evt. aktuelle emne / tema for vidare opplæring i kontrollutvalet
4	Sekretariatet	Drøfting av evt. presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret og synspunkt på innhald
5	Samnanger kommune	Om å ta Ipad / lesebrett i bruk til møter i kontrollutvalet
6	Sekretariatet	Notat frå sekretariatet dagsett 30.3.12 til kontrollutvalet om rutinar for å melde avbud til møta, notatet ligg ved.
		Ymse

### [FORSLAG TIL VEDTAK](#)

[Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg:

- Mottekne skriv vedr. sak "Bygging av kaianlegg Bjørkheim"
- Notat frå sekretariatet om rutine for å melda avbud til møter



Samnanger Kommune  
v. Kenth P. Opheim  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

BKK Nett AS  
v. Eli K. Dimmen  
Kokstadveien 37  
5020 Bergen

Bergen, 28.10.2011

### **Vedlegg 1 – Vedleggsbrev til byggesøknad Ny kai for transformatortransport til Samnanger transformatorstasjon**

BKK Nett søker med dette Samnanger kommune om byggeløyve for ny kai til transformatortransport og tilhørende utbedring av vei fra kai frem til eksisterende hovedvei ved Bjørkheim. Transportundersøkelser har vist at transformatoren må transporteres opp til stasjonen i Børdal fra båt til vei i Samnanger.

Vedlegg 3, situasjonsplan, viser tiltaket. Transformatortransport er planlagt i august 2012, og det haster av den grunn med å komme i gang med bygging av kaien. GBS vil mest sannsynlig være utførende entreprenør for BKK Nett AS.

Etter avtale med Samnanger kommune gir BKK Nett AS en kort skriftlig orientering om tiltaket og de interesser som berøres.

#### Planarbeid

Samnanger kommune er i ferd med å utarbeide en reguleringsplan for området ved Bjørkheim. Den omsøkte kaien ønskes innarbeidet i planene.

Statnett har den 22.12.2010, med bakgrunn i bygging av ny 420 kV-ledning mellom Sima og Samnanger, kommet med høringsuttalelse til oppstart av områderegeringsplan for Bjørkheimområdet i Samnanger kommune (tidligere oversendt Samnanger kommune).

BKK Nett AS eier Samnanger transformatorstasjon. Utvidelsen av Samnanger transformatorstasjon innbefatter installasjon av ny 420/300 kV transformator og reaktor. Transportvekten for selve transformatoren (som den tyngste og største av disse) forventes å bli ca 240 tonn.

Transformator transporteres til Norge med båt. For å frakte transformatoren på vei videre til Samnanger transformatorstasjon benyttes spesialutstyr fra Statnett Transport.

#### Grunnundersøkelser

Undersøkelser av sjøbunn utenfor kaiområdet er utført av Multiconsult for BKK Produksjon AS. Rapporter viser at det ikke er forurensninger eller bunnforhold som er til hinder for bygging av kaien. Rapporter fra Multiconsult er tidligere oversendt Samnanger kommune.

Området kaien skal funderes på er fjell, med mindre løsmasser over. Skisse av kai er vist i vedlegg 2.



Fremføring av tilførselsvei

På de første 60-70 meterne etter kaien behøves en relativt bein strekning for å trekke transformatoren ut av båten. Deretter legges veien i svak kurvatur og stiging opp mot eksisterende vei. I dette området ligger det en steinfylling som må planeres. Veien asfalteres på hele strekingen.

Grunneiere og andre brukerinteresser som berøres av tiltaket

BKK ønsker primært ikke å erverve ny grunn i forbindelse med tiltaket. Kan bruken av kai og vei sikres ved en tinglyst rett mener vi dette vil ivareta vårt krav til bruk og beredskap.

Da kaien og veien kun sporadisk skal benyttes til spesialtransporter vil bruken av kaien medføre liten belastning på omgivelsene. BKK vil ta kontakt med alle som blir direkte berørt av tiltaket før bygging starter opp. Et første informasjonsmøte med Båttforeningen på Bjørkheim er avtalt fredag 04.11.2011.

Samnanger kommune eier området hvor selve kaien skal bygges og også grunnen til deler av veitraseen.

Tilførselsveien må også legges over grunn tilhørende gnr. 18 bnr. 15 og gnr. 18 Bnr. 163. BKK har kontaktet disse grunneierne og orientert kort om planene. Slik vi har forstått det ønsker ikke grunneierne å sette seg mot tiltaket. Til opplysning blir campingvogn med tilhørende spikertelt like ved den planlagte veien ikke berørt. Grunneiers planer om en snuplass for lastebiler vil heller ikke komme i konflikt med bygging av veien. Nabovarsling vil bli sendt ut og godkjennelse fra direkte berørte grunneiere (gnr. 18 bnr. 15 og gnr. 18 Bnr. 163) hentes inn.

I kaiområdet er det etablert et båtlag. I forbindelse med bygging av kaien blir det sannsynligvis nødvendig å flytte noen båter fra nåværende oppstillingsplass. Flytebryggen blir ikke berørt i byggeperioden, da kaien kommer innenfor denne. Når skip med transformatortransporter ankommer kaien må flytebryggen midlertidig forhales under lossing. Vi mener at tiltaket vil medføre bedre vei for båtlaget og større opplagringsplass.

Skulle det være noen spørsmål rundt tiltaket, ta mer enn gjerne kontakt med undertegnede.

Med vennlig hilsen



---

Eli K. Dimmen  
Prosjektleder



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Svein Korerud, 5557 2027

Vår dato  
07.03.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/3054 421.4  
Dykkar referanse

Samnanger kommune  
Kommunehuset  
5650 Tysse

Sendes pr. e-post: [adm@samnanger.kommune.no](mailto:adm@samnanger.kommune.no)

### Samnanger kommune, byggjeløyve for kai, veg og avkjørsle på gnr. 18, bnr, 62, Vågen, Bjørkheim.

Fylkesmannen i Hordaland har motteke brev av 27.2.2012 frå Samnanger Framstegsparti ved Karl Kollbotn, Samnanger Senterparti ved Øyvind Røen og Bygdelista ved Ragnfrid Olsnes. Her gjer dei greie for at Samnanger kommune har gitt løyve til bygging av kai og veg den 01.02.2012 på areal som er regulert til friområde i arealdelen i kommuneplanen utan at dette er omregulert og utan dispensasjon frå arealformålet. Byggjearbeidet med kaianlegget er sett i gang ved Vågen ved Bjørkheim. I brevet ber dei Fylkesmannen vurdere den sakshandsaminga som kommunen har gjort.

Det er spørsmål om korleis brevet skal handsamast. Vi kan ikkje sjå at det er ein klage. Det kan eventuelt sjåast som eit krav om lovlegkontroll etter kommuneloven. Då skulle kravet ha vore reist ovanfor kommunen.

Vi har fått sendt over dokumenta i saka frå kommunen. Som planfagleg uttale seier kommunen i saka:

*«Området er regulert, "Reguleringsplan for Bjørkheim". Kaien er søkt etablert med vegtilkomst på eksisterande veg til privat småbåthamn. Sjølve kaien skal etablerast dels innanfor "friområde i sjø" og dels "friområde i sjø – småbåthavn". Delar av arealet er fylling som frå før er etablert ut i arealføremålet "friområde i sjø". Kaien skal brukast til ilandføring av transformator med ujamne mellomrom, kanskje kvart tiande år. Ein områdeplan er under utarbeiding for Bjørkheimsområdet, her vil vegen bli regulert til gang- og sykkelveg, og på kaien skal det etablerast stupetårn eller liknande ålment føremål. Dersom/når det blir aktuelt med ny transformatorilandføring vil gang- og sykkelvegen mellom bels gjerast køyrbar for stort køyretøy att, føresegnene til planen skal opna for ei slik løysing. Kaien skal etter/mellom kvar bruk gjerast om til ålment føremål, tiltaket kjem såleis ikkje i strid med eksisterande eller framtidig reguleringsplan.»*

Det er riktig at utbygginga er teke inn i utkastet til områdeplan for Bjørkheimområdet. Tiltaket vil få sin planavklaring her. Det er i dag ein gang- og sykkelveg gjennom området og som vil bli utbetra og lagt noko om. Kaia byggjer til dels på eksisterande utfylling i sjøen og er til dels på regulert areal for småbåthamn.

I utgangspunktet skulle saka ha vore handsama som ei dispensasjonssak slik plantilhøvet er no. Det kan vere spørsmål om i kor stor grad tiltaket går utover det som er planformålet i dag.

Vi kan ikkje sjå at det er slik at tiltaket eintydig er i strid med noverande planformål etter det kommunen seier i den planfaglege uttalen. Vi legg også til grunn det som kommunen har sagt om den framtidige bruken av vegen og kaia. Fylkesmannen tilrår likevel at kommunane handsamar slike saker som dispensasjonssaker.

Planendringa er no til handsaming i områdeplanen for Bjørkheimområdet. Denne del av planen har ikkje vore til politisk handsaming. Planendringa var til offentleg ettersyn med høyringsfrist den 02.02.2012. Formålet med å handsame saka som ei dispensasjonssak er m.a. at saka blir tilstrekkelig utgreidd og at dei offentlege partene som har interesser i forholdet, får uttale seg. Det er no gjort. Mellom andre hadde ikkje Fylkesmannen i Hordaland merknader til dette forslaget til planendring. Vi legg til grunn at kommunens løyve er i samsvar med planutkastet og dei merknader som måtte ha komme i høyringa. Vi finn at dei omsyn som skal ivaretakast ved å handsame saka som dispensasjonssak til ei viss grad er teke vare på i den offentlege høyringa av planendringa i områdeplanen for Bjørkheimområdet.

Saka er likevel ikkje handsama av politiske organ. Dersom saka skulle ha vore handsama som dispensasjonssak av andre organ i Samnanger kommunen, eventuelt av politisk organ, er dette ein feil i sakshandsaminga. Fylkesmannen går ikkje nærare inn i dei interne reglane i kommunen om dette, men peiker på at saka må handsamast av rette organ som i dispensasjonssaker.

Etter ei heilskapleg vurdering finn ikkje Fylkesmannen grunn til å gjere noko meir i denne saka no utover denne uttalen.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Brev datert 27.02.2012

Kopi:  
Samnanger Framstegsparti, Samnanger Senterparti og Bygdalista i Samnanger.  
Sendt pr. e-post til [oyvind.roen@bluezone.no](mailto:oyvind.roen@bluezone.no)



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Tone Ramsli	<b>Arkivkode:</b> GBNR-18/162
<b>Arkivsaksnr:</b> 11/657	<b>Løpenr:</b> 12/1392
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	28.03.2012	009/12	TR

### BYGGING AV KAI - GBNR 18/162 - BJØRKHEIM - NY HANDSAMING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19.2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Bjørkheim for etablering av kai og veg på gbnr. 18/162 i samsvar med søknad.

---

#### Dokument som er vedlagt:

Brev frå BKK - vedleggsbrev til byggesøknad  
Samnanger kommune,byggjeløyve for kai, veg og avkjørsle på gnr. 18, bnr, 62,Vågen,  
Bjørkheim..pdf

---

#### Bakgrunn for at saka kjem opp på nytt.

Samnanger kommune v. administrasjonen har innvilga byggjeløyve for bygging av kaifront samt etablering av tilkomstveg på gnr 18 bnr 162 på Bjørkheim.

Frp v. Kolbotn, Sp v. Røen og Bygdalista v. Olsnes har reist spørsmål til fylkesmannen om dette er korrekt handsaming.

Fylkesmannen har i skriv av 7.3.2012 gitt uttale i saka. Fylkesmannen uttaler m.a. fylgjande:

*Saka er likevel ikkje handsama av politiske organ. Dersom saka skulle ha vore handsama som dispensasjonssak av andre organ i Samnanger kommunen, eventuelt av politisk organ, er dette ein feil i sakshandsaminga. Fylkesmannen går ikkje nærare inn i dei interne reglane i kommunen om dette, men peiker på at saka må handsamast av rette organ som i dispensasjonssaker.*

Han uttaler også fylgjande:

*Vi kan ikkje sjå at det er slik at tiltaket eintydig er i strid med noverande planformål etter det kommunen seier i den planfaglege uttalen. Vi legg også til grunn det som kommunen har sagt om*

den framtidige bruken av vegen og kaia. Fylkesmannen<sup>21</sup> tilrår likevel at kommunane handsamar slike saker som dispensasjonssaker.

Skrivet frå fylkesmannen er vedlagt.

### **Vurderingar og konsekvensar knytt til sakshandsaminga:**

I skrevet frå fylkesmannen er det og vist til den vurderinga kommunen gjorde i forkant av vedtaket. Denne viser at det vart føreteke ei vurdering, der det vart konkludert med at tiltaket ikkje kjem i strid med eksisterande eller framtidig reguleringsplan. Ut frå denne vurderinga vart saka handsama administrativt.

Administrasjonen foretok ei vurdering av korleis denne saka skulle handterast, og landa på at saka kunne handterast administrativt. Fylkesmannen er ikkje bombastisk i konklusjonen sin om det her ligg føre sakshandsamingsfeil - *tiltaket ikkje eintydig i strid med noverande planføremål*, men konkluderer med at saka må forståast som eit tiltak som krev dispensasjon. Rådmannen ser at det er problemstillingar knytt til byggjesøknaden som nok kan oppfattast til ikkje å vera i tråd med gjeldande reguleringsplan og slik sett krev det dispensasjon. Ut frå at fylkesmannen rår til at slike saker vert handtert som dispensasjon, vert søknaden frå BKK lagt fram for naturutvalet som kan fatta endeleg vedtak. Jmf. skrevet frå fylkesmannen der han viser til at områdeplanen har vore ute til høyring.

### **Kva saka gjeld:**

Saka gjeld oppføring av kai med tilkomst på gbnr. 18/162

BKK, som skal ha på plass ein stor transformatorstasjon i Børddal i samband med overføringslina Sima – Samnanger, har behov for ein stad der dei kan ta på land transformatoren. Statnett, som opphavleg hadde ansvaret, festa seg tidleg med Bjørkheim, men pga. oppstart av områdeplan og usikkerheit i høve til korleis den utvikla seg, vart dei bedt om å sjå på andre stader. Dei har vurdert eksisterande kaianlegg i Fusa, Arna og Kvam. Ingen av desse kan brukast pga. for låge tunellar og for svingete veg. I Samnanger har også fleire alternativ vore vurderte utan at ein har lukkast i å finna egna areal. Det vart då arbeidd vidare med området på Bjørkheim, og her festa ein seg med området ved dagens småbåthamn. Det er dette alternativet som vert omsøkt.

Det er ei rekkje krav som vert stilt til kaianlegget, både i sjøen (djupne m.m.) og tilkomstvegen (rett strekning). Sjølve kaianlegget er i hovudsak ein kaifront. Transformatoren skal takast på land i 2012. BKK har sikra seg retten til evt. å nytta anlegget ved seinare høve, men det er skissert at dette vil skje svært sjeldan – sannsynlegvis mindre enn kvart 10.de år.

Nabovarsel: Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

### **Uttale frå plan vedk. planstatus:**

Området er regulert, "*Reguleringsplan for Bjørkheim*". Kaien er søkt etablert med vegtilkomst på eksisterande veg til privat småbåthamn. Sjølve kaien skal etablerast dels innanfor "*friområde i sjø*" og dels "*friområde i sjø – småbåthavn*". Delar av arealet er fylling som frå før er etablert ut i arealføremålet "*friområde i sjø*". Kaien skal brukast til ilandføring av transformator med ujamne mellomrom, kanskje kvart tiande år. Ein områdeplan er under utarbeiding for Bjørkheimsområdet, her vil vegen bli regulert til gang- og sykkelveg, og på kaien skal det etablerast stupetårn eller liknande ålment føremål. Dersom/når det blir aktuelt med ny transformatorilandføring vil gang- og sykkelvegen mellombels gjerast køyrbar for stort køyretøy att, føresegnene til planen skal opna for

ei slik løysing. Kaien skal etter/mellom kvar bruk<sup>22</sup> gjerast om til ålment føremål, tiltaket kjem såleis ikkje i strid med eksisterande eller framtidig reguleringsplan.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Administrasjonen vurderer at det ligg føre særleg grunn for å gje løyve i denne konkrete saka. Dette er knytt til samfunnsmessige interessene til straumforsyning.

Det er kome ein merknad til områdeplan der det omsøkte anlegget er kommentert. Det går ut på at BKK sitt prosjekt ikkje må legge føringar for disposisjonane i områdeplanen. Dei kan få løyve til ilandføring no men dei kan ikkje få garanti om å få nytta anlegget seinare. Me har forståing for dette synet. Det omsøkte tiltaket er i tråd med planframlegget og det er lagt vesentleg vekt på å få til ei utforming som ivaretek ålmenta sine interesser. Me vurderer det slik at etablering av veggen no ikkje skal vera til hinder for alternativ bruk av dette arealet, det vera seg til oppføring av bygg i traseen eller evt. andre tiltak, sjølv om det nok kan verta oppfatta negativt av BKK. Det er ut frå framdriftsplan for anlegget i Børdal ikkje mogleg å utsetta vedtaket til etter at områdeplan for Bjørkeheim er endeleg vedteke. BKK må kunna leva med den uvissa og særleg fordi det er usikker kor stort behov det er for å bruka ilandføringsanlegget seinare.

Hordaland fylkeskommune  
Sekretariat for kontrollutvalet

## NOTAT TIL KONTROLLUTVALET

Sekretariatet vil minna alle i kontrollutvalet om at det er viktig å melda ifrå når ein er forhindra i å koma til møte. Det er og viktig at slike meldingar vert gjeve på rett måte.

I dette notatet vert der skissert nokre køyrereglar for korleis ein skal melda avbod.

1. Første regel er Å MELDA FRÅ. Gjer dette i så god tid som råd er før møtet. Det er vanskeleg for sekretariatet å få kontakt med vararepresentant ved kort varsel, og for vararepresentanten å møta på kort varsel.

Når ein må melda avbod:

2. Meld ikkje avbod til kommuneadministrasjonen. Det er sekretariatet si oppgåve å kalla inn vararepresentantar og sjå til at kontrollutvalet er vedtaksføre når møtet startar.
3. Du skal ikkje sjølv gje melding til din vararepresentant, dette er sekretariatet si oppgåve.
4. Ring til oss. På framsida av innkallinga til møta i kontrollutvalet står det oppført mobilnummer til Kari Nygard som er sekretær for utvalet og til kontrollsjef Hogne Haktorson. Om du ikkje får svar frå utvalssekretæren ta kontakt med kontrollsjef.

Mobilnr. er:

Kari Nygard:           916 64 183  
Hogne Haktorson:   911 05 982

Ved å følgja desse køyrereglane vil avvikling av møta i kontrollutvalet verta enklare i dei høve at nokon må melda avbod til møtet.

Bergen 30.03.2012

Hogne Haktorson  
kontrollsjef



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 16. april 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 12/12

### 12/12 KONTROLLRAPPORT 2011 VEDR. SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN I SAMNANGER KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

#### Bakgrunn for saka:

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

*”Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårslige redegjørelse til kommunestyret/kontrollutvalget.”*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytt til skatteoppkreverfunksjonen:

*”Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen.”*

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

*”Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist.”*



Drøfting:

Med bakgrunn i desse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune lagt fram til drøfting:

- Årsrapport for 2011 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune, datert 20.01.12.
- Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i 1242 Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 20.02.12.

Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret i 2011. Men skattekontoret har gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Når det gjeld bemanning av skatteoppkrevjarkontoret vert det peika på at i perioden 01.01.11 til 31.03.11 utgjorde skatteoppkrevjarfunksjonen ein stilling på 50 %. I perioden frå 01.04.11 til 31.07.11 var Samnanger utan skatteoppkrevjar. Ny skatteoppkrevjar blei tilsett frå 01.08.11. Skatteoppkrevjarfunksjonen er frå dette tidspunkt auka til 70 % av full stilling. I perioden kommunen var utan skatteoppkrevjar blei oppgåvene ivareteke av økonomisjefen.

Resultat av utført kontroll er:

- *”Skattekontoret sine kontrollhandlingar har ikkje avdekka vesentleg veikskap i skatteoppkrevjar sin overordna internkontroll*
- *Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapan i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.”*
- *Vidare uttaler skattekontoret om skatte- og avgiftsinnkrevjinga at: ”Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.”*
- *Når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar heiter det i kontrollrapporten: ”Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i 2011. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningslinjer gjeve av Skattedirektoratet.”*

Frå årsmeldinga til skatteoppkrevjar er det gjeve grunngjeving for dette: *”På grunn av den før omtalte bemanningssituasjonen ved kontoret har arbeidet med arbeidsgiverkontroller ikkje vært prioritert i 2011.”*

Konklusjon:

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune totalt sett for 2011, i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredsstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk. Unnataket er manglande arbeidsgjevarkontrollar.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredsstillande måte, men merkar seg at det ikkje er utført arbeidsgjevarkontrollar, grunngjeve med prioritering ved vakanse / skifte i stilling som skatteoppkrevjar.
2. Samnanger kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Årsrapport for 2011 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune, datert 20.01.12.
- Kontrollrapport 2011 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 20.02.12.



Årsrapport for 2011

**Skatteoppkreveren i  
Samnanger kommune**

## Innhold

<b>1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet .....</b>	<b>3</b>
1.1 Skatteoppkreverkontoret .....	3
1.1.1 Ressurser .....	3
1.1.2 Organisering .....	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse .....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret .....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret .....	4
1.4 Skatteutvalg.....	4
<b>2. Skatteregnskapet.....</b>	<b>4</b>
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010.....	5
2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen .....	5
<b>3. Innfordring av krav .....</b>	<b>6</b>
3.1 Restanseutviklingen .....	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav.....	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser .....	8
3.1.3 Restanser eldre år .....	8
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	8
3.2 Innfordringens effektivitet .....	9
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011 .....	9
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat.....	9
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	9
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen .....	9
3.3 Særnamskompetanse .....	9
<b>4. Arbeidsgiverkontroll .....</b>	<b>10</b>

## 1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

### 1.1 Skatteoppkreverkontoret

#### 1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	0,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,3	43 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	0,4	57 %
Arbeidsgiverkontroll		%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		%
Skatteutvalg		%
Administrasjon		%
(Andel fordelt skal være 100 %)	<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

#### 1.1.2 Organisering

I perioden 01.01.11 til 31.03.11 utgjorde skatteoppkreverfunksjonen en stilling på 50 %. I perioden fra 01.04.11 til 31.07.11 var Samnanger uten skatteoppkrever. Ny skatteoppkrever ble ansatt fra 01.08.11. Skatteoppkreverfunksjonen er fra dette tidspunktet øket til 70 % av full stilling. I perioden kommunen var uten skatteoppkrever ble oppgavene ble ivaretatt av økonomisjefen. Økonomisjefen har de nødvendige tilganger i SOFIE for attestasjon og andre oppgaver, for eksempel ved skatteoppkrevers fravær.

#### 1.1.3 Ressurser og kompetanse

En stillingsstørrelse på 0,7 årsverk anses som tilstrekkelig til å ivareta oppgavene innen innfordring, arbeidsgiverkontroll og skatteregnskap.

Da skatteoppkrever er ny i stillingen, ser en at det er behov for ytterligere kompetanse – spesielt innen tyngre innkreving og skatteregnskap. For å øke kompetansen kommer skatteoppkrever også i 2012 til å delta på ulike kurs. Særlig skatteetaten arrangerer kurs spesielt for skatteoppkreverne.

### 1.2 Internkontroll

Det er i løpet av høsten utarbeidet en rutinebeskrivelse som beskriver utførelsen av de fleste arbeidsoppgavene til skatteoppkreveren i Samnanger. Rutinebeskrivelsen oppdateres ved behov. Ved utarbeidelsen av arbeidsrutinene beskrevet i rutinebeskrivelsen, har en også søkt å ivareta kravene til intern kontroll.

## **1.3 Vurdering av skatteinngangen**

### **1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret**

Totalt innbetalt skatt og avgift i 2011 var kr 192 898 678. I 2010 var totalt innbetalt skatt og avgift kr 178 191 967. Dette er en økning på kr 14 706 711, som i det vesentligste skyldes økt skatteinngang fra personlige skattytere.

### **1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret**

Skatteinntekter fordelt til kommunen i 2011 var kr 51 690 516, mot kr 53 149 185 i 2010. Dette er en reduksjon i skatteinntektene til kommunen på kr 1 458 669. Reduksjonen skyldes i hovedsak at skattøre til kommunene ble satt ned fra 2010 til 2011 til fordel for staten. Det er kun fordelt kr 61 782 mindre enn budsjettet i 2011.

## **1.4 Skatteutvalg**

Det er oversendt en sak til skatteutvalget. Saken ble sendt 03.10.11. På grunn av vansker med innføring av nye PC'er i skatteutvalget og nytt skatteutvalg fra årsskiftet, er det forventet at saken først vil bli behandlet i mars 2012.

## **2. Skatteregnskapet**

### **2.1 Avleggelse av skatteregnskapet**

#### **Avleggelse av skatteregnskapet**

Skatteoppkreveren i Samnanger kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

- Det er ikke mottatt pålegg om regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet fra regional kontrollenhet i løpet av 2011.

Årsregnskapet for 2011 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

## 2.2 Margin

### 2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2011	1 898 749
For mye avsatt margin for inntektsår 2010	1 898 749
For lite avsatt margin for inntektsår 2010	

### Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %.

Gyldig fra: har ikke funnet eksakt dato for kommunestyrets siste vedtak vedr. størrelsen på marginprosenten, men prosentatsen har vært uendret siden midten av 1990-tallet.

### 2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2011 viser kr 1 898 749 for mye avsatt. Det var totalt avsatt kr 16 209 122 til margin i 2010. Avviket er ikke så stort at en anbefaler å endre gjeldende marginprosent (10 %).

### 3. Innfordring av krav

#### 3.1 Restanseutviklingen

##### 3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart		Restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Endring i restanse
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>		4 550 098	2 853 679	<b>1 696 419</b>
	Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	360 394	297 023	<b>63 371</b>
	Artistskatt	-	-	-
	Forsinkelsesrenter	364 899	278 671	<b>86 228</b>
	Forskuddsskatt	-	-	-
	Forskuddsskatt person	97 243	141 799	<b>-44 556</b>
	Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	2 176 449	123 247	<b>2 053 202</b>
	Gebyr	-	-	-
	Innfordringsinntekter	19 589	14 601	<b>4 988</b>
	Inntekt av summarisk fellesoppgjør	-	-	-
	Kildeskatt	-	-	-
	Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakeskrivningskrav	6 900	170 990	<b>-164 090</b>
	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakeskrivningskrav	1 524 624	1 827 348	<b>-302 724</b>
Sum restanse diverse krav		1 591	1 591	
	Diverse krav	1 591	1 591	
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav		4 551 689	2 855 270	

Berostilte krav er ikke med i tabellen, da disse var kr 0 for samtlige skattearter begge år. For 2011 inneholder tallene "Sum restanse pr. skatteart" og "forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter" kr 1 995 117 som skyldes feilføring i forbindelse med skifte av organisasjonsnummer i løpet av året. Kravet er betalt og skal slettes. Korrigerer en for dette blir tallene som følger:

Skatteart		Restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Endring i restanse
Sum restanse pr. skatteart		2 554 981	2 853 679	-298 698
	Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	360 394	297 023	63 371
	Artistskatt	-	-	-
	Forsinkelsesrenter	364 899	278 671	86 228
	Forskuddsskatt	-	-	-
	Forskuddsskatt person	97 243	141 799	-44 556
	Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	181 332	123 247	58 085
	Gebyr	-	-	-
	Innfordringsinntekter	19 589	14 601	4 988
	Inntekt av summarisk fellesoppgjør	-	-	-
	Kildeskatt	-	-	-
	Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakeskrivningskrav	6 900	170 990	-164 090
	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakeskrivningskrav	1 524 624	1 827 348	-302 724
Sum restanse diverse krav		1 591	1 591	
	Diverse krav	1 591	1 591	
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav		4 551 689	2 855 270	



### 3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Det har vært en liten nedgang i samlet restanse fra 2010 til 2011. Fem skattytere står for mer enn halvparten av restansene. Dette er restanser fra flere år tilbake. To av disse kravene er nå under innfordring. De øvrige har vært forsøkt innfordret uten hell så langt.

For øvrig er de fleste restansene vedr. forskuddspliktige under innfordring, for eksempel ved utleggstrekk og betalingsavtaler.

Reduksjon i restskatt etterskuddspliktige kommer av at fjorårets restanser er betalt og kun to mindre restskatter fra 2010 er ubetalt ved årsskiftet.

Økningen i arbeidsgiveravgift og forskuddstrekk skyldes i hovedsak en arbeidsgiver. Restansene er søkt tvangsinnfordret, men verdiene i selskapet var ikke tilstrekkelig til å dekke kravet. I januar 2012 fikk skatteoppkrever innbetalt et mindre beløp etter å ha tatt pant i bankkonto.

Det er i 2011 avskrevet krav for til sammen kr 576 179. Kravene stammer fra to selskaper som er konkurs.

Ingen krav er ettergitt eller nedsatt i 2011.

### 3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	2 501 295 1)	366 740
2008	190 672	180 275
2007	194 360	150 688
2006 – 1999	479 469	

- 1) Tidligere omtalt feilføring, kr 1 995 117 er inkl. Korrigeret for den blir restansen kr 506 178

### 3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Økningen i forsinkelsesrenter skyldes en større, eldre restskatt som er nedbetalt, og hvor det er sendt ut krav om betaling av forsinkelsesrente. Forventer å komme i gang med nedbetaling av rentene i løpet 2012.

Knappt halvparten av restansen for 2006-1999 skyldes en restskatt. Vedk. skattyter har også store restanser til andre kommuner og det vil sannsynligvis ta tid før Samnanger kan innfordre beløpet (lavere prioritet utleggstrekk). Det vil bli avholdt utleggsforretning, men det forventes ikke å finne verdier å ta pant i.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2011.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2011: 0

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2011: 0

### 3.2 Innfordringens effektivitet

#### 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011

Dette var resultatene pr. 30.06.11:

<b>Resultat Juni 2011</b>				
Restskatt p		Arbg.a	F.trekk	F.skatt
Innf.	Tot innbe	Tot innbet	Tot innbet	Tot innbet
58,89	90,42	98,76	99,56	99,74
<b>Resultat i forhold til krav</b>				
Restskatt p		Arbg.a	F.trekk	F.skatt
Innf.	Tot innbe	Tot innbet	Tot innbet	Tot innbet
-4,11	-6,08	-0,94	-0,44	0,74

Det går frem at i forhold til resultatkravene lå en under kravene, utenom for forskuddsskatt.

#### 3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

I halve rapporteringsperioden var Samnanger uten skatteoppkrever. De mest prekære oppgavene ble ivaretatt av økonomisjefen, men det ble ikke drevet aktiv innfordring.

Fra 01.08.11 har stillingen som skatteoppkrever vært besatt. Pr. 31.12.11 oppnådde en kravene utenom for innfordret og tot. innbet. restskatt. For disse to gruppene lå resultatet i Samnanger på omtrent samme nivå som regionen sett under ett.

#### 3.2.3 Omtale av spesielle forhold

2011 har vært et spesielt år, da skatteoppkreverkontoret tidvis har vært ubemannet. Ny skatteoppkrever har også brukt noe tid på oppdatering/opplæring. Det har derfor vært mindre fokus på bl.a. innfordringsoppgavene enn en normalt kan regne med.

#### 3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

I 2012 forventer en å ha bedre tid og kompetanse til å ha en jevnere og tettere oppfølging av kravene.

### 3.3 Særnamskompetanse

Har ikke vært i bruk i 2011.

#### **4. Arbeidsgiverkontroll**

På grunn av den før omtalte bemanningssituasjonen ved kontoret har arbeidet med arbeidsgiverkontroller ikke vært prioritert i 2011. I desember ble det sendt ut informasjonsskriv til arbeidsgiverene i Samnanger, hvor en bl.a. minnet om fristene for levering av lønns-og trekkoppar og årsoppgave

Sted/dato:

---

**Skatteoppkreverens signatur**

**Vedlegg:** Årsregnskapet for 2011 - signert av skatteoppkreveren.

**Skatteetaten**Saksbehandlar  
Frank Jønland

Dykkar dato

Vår dato  
20.02.2012Direkte tlf  
55 57 84 29

Dykkar referanse

Vår referanse  
2011/122059

Kommunestyret i Samnanger kommune

5650 TYSSE



## Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av ”Instruks for skatteoppkrevjarar”, fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er ”Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne” av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse  
Njøsavegen 26863 Leikanger  
skattvest@skatteetaten.noBesøksadresse  
Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) eller  
ring gratis 800 80 000

Org. nr. : 991733108

Sentralbord  
800 80 000Telefaks  
51 91 73 01

## 2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

### 2.1 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 30. juni 2011 for skatteoppkrevjarkontoret i Samnanger kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK:	Innbetalt av sum krav (i %):	Resultat- krav (i %):	Innbetalt av sum krav (i %) førre år:	Innbetalt av sum krav (i %) regionen:
Restskatt personlege skattytarar 2009:	3,53	90,4	96,5	92,6	92,2
Arbeidsgjevaravgift 2010:	20,92	98,8	99,7	99,5	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2010:	8,23	99,7	99,0	97,3	97,8
Forskotttrekk 2010:	39,66	99,6	100,0	100,0	99,9

Særskilte merknader til innkrevjingsresultata:

I følgje skatteoppkrevjar var kommuna utan skatteoppkrevjar i halve rapporteringsperioda. I denne perioda blei kun dei mest prekære oppgåvene utførde av økonomisjefen, og det blei ikkje utford aktiv innkrevjing.

### 2.2 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for kommunen per 31. desember 2011 viser følgjande<sup>1</sup>:

Tal arbeids- gjevarar:	Minste krav 5%:	Tal utførte kontrollar 2011:	Utført kontroll 2011 (i %):	Utført kontroll 2010 (i %):	Utført kontroll 2009 (i %):	Utført kontroll 2011 region (i %):
55	3	0	0	3,6	5	3,8

Særskilte merknader til arbeidsgjevarkontrollen:

I følgje skatteoppkrevjar har arbeidet med arbeidsgjevarkontrollar ikkje vore prioritert i 2011. Dette fordi Samnanger kommune var utan skatteoppkrevjar frå 1. april 2011 til 1. august 2011. Vidare har det gått noko tid til å setje seg inn i nye arbeidsoppgåver for nyttilsett skatteoppkrevjar.

<sup>1</sup> For 2011 er rapporteringa endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning, der det er aktuelt.

## 2.3 Bemanning

Tal på årsverk (total) frå skatteoppkrevjar sin årsrapport for dei tre siste åra:

Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010	Tal årsverk 2009
0,7	0,5	0,5

## 3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2011 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Rekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2011 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>2</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 192 898 678 og uteståande restansar<sup>3</sup> på kr 4 551 689, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 17. januar 2012.

## 4. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- *Intern kontroll*

Skattekontoret sine kontrollhandlingar har ikkje avdekka vesentleg veikskap i skatteoppkrevjar sin overordna intern kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap*

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

<sup>2</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>3</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontrollen**

Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i 2011. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningsliner gjeve av Skattedirektoratet.

## 5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2011 ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektor  
Skatt Vest



Jan Kåre Strøm  
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune
- Riksrevisjonen



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 16. april 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 13/12

### 13/12 ANALYSE OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 - 2016

#### Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2012 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2012 - 2016
- å gjennomføre ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i kommunen som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

#### Prosess:

I kontrollutvalet sitt første møte denne valperioden, 13.12.11., vart det gjort vedtak om å be Deloitte å utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune, og prosjektplan for arbeidet vart bestilt. Deloitte leverte prosjektplan til kontrollutvalet og planen vart godkjent.

I sitt neste møte gjennomførte så kontrollutvalet ”risikospel” som vart leia av Deloitte. Her vart dei ulike tenesteområda gjennomgått og drøfta, og kontrollutvalet peika på dei område der dei meinte kunne vera risiko-områder.

I dette møte legg ein opp til å ta neste steg i prosessen. Frå prosjektplanen heiter det:

*”Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføra si endelege prioritering til planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Som grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presenterte og risikovurderte. Inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det i del 4 gå fram kva område eller eigarskap det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøte skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll.*



Drøfting:

Overordna analyse – plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 vil bli lagt fram i møte i kontrollutvalet 16.04.12, og det vil bli teke ein grundig gjennomgang av analyse-dokumentet før drøfting i møtet. Analyse-dokumentet vil gjera greie for kva arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonar inneber, og kva som ligg i omgrepa risiko og vesentlighetsvurdering. Dette vil vera viktige omgrep å arbeida ut i frå når det gjeld å peika ut forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Deloitte vil i møte gjera greie for innhaldet i den overordna analysen, og orientera om metoden dei har brukt, samt bakgrunn for det analysegrunnlaget som ligg føre. Det vert så lagt opp til at kontrollutvalet drøftar den framlagde analysen og peikar ut dei prosjekt som bør prioriterast i plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.

Konklusjon:

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet tek tid til gjennomgang av analyse-dokument for forvaltningsrevisjon i møte, og at ein ut frå påfølgjande drøfting vil ta stilling til endeleg prioritering av prosjekt som det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon innan. Dei prosjekt som kontrollutvalet peikar på skal innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune for 2012 – 2016.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vert å legga fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 Samnanger kommune – vert lagt fram i møte.



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 16. april 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 14/12

### 14/12 ANALYSE OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 - 2016

#### Bakgrunn:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2012 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2012 - 2016
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

#### Prosess:

Prosessarbeidet når det gjeld å utarbeida plan for selskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Frå prosjektplanen heiter det:

*"Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Som grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumentene bli ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet. I dokumentene vil alle data som er samla inn bli presenterte og risikovurderte. Inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det i del 4 gå fram kva område eller eigarskap det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøte skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll."*

#### Drøfting:

Plan for selskapskontroll – overordna analyse vil bli lagt fram i møte i kontrollutvalet 16.04.12, og ddet vil bli teke ein grundig gjennomgang av analyse-dokumentet før drøfting i møtet. I analyse-dokumentet vert det gjort greie for kva arbeid med gjennomføring av selskapskontroll inneber, og kva som ligg i omgrepa risiko og vesentlighetsvurdering når det gjeld eigarskapsforvaltning. Dette vil vera viktige omgrep å arbeida ut i frå når det gjeld å peika ut prosjekt innan selskapskontroll.

Deloitte vil i møte gjera greie for innhaldet i den overordna analysen, og orientera om metoden dei har brukt, samt bakgrunn for det analysegrunnlaget med risikokartlegging som ligg føre. Det vert så lagt opp til at kontrollutvalet drøftar den framlagde analysen og peikar ut dei prosjekt som bør prioriterast i plan for selskapskontroll for komande valperiode.

Konklusjon:

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet tek tid til å gjennomgå den overordna analyse som vert lagt fram, og ut frå dette drøftar og tek stilling til endeleg prioritering av prosjekt som det skal gjennomførast selskapskontroll innan. Dei prosjekt som kontrollutvalet peikar på skal innarbeidast i plan for selskapskontroll for Samnanger kommune for 2012 – 2016.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Overordna analyse – Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 Samnanger kommune – vert lagt fram i møte



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 16.april 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 15/12

### 15/12 ÅRSMELDING 2011 FOR KONTROLLUTVALET

#### Bakgrunn for saka:

Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2011. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatane av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

#### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

#### **FORSLAG TIL INNSTILLING:**

**Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2011.**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Forslag til årsmelding frå kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2011



## KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE ÅRSMELDING FOR 2011

### OM KONTROLLUTVALET:

#### 1. *Kontrollutvalet sine oppgaver*

Kontrollutvalet sine oppgaver kjem fram i "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner". Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet sine oppgaver omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, m.a. rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgaver. Utvalet skal vera kommunestyret sitt kontrollorgan, og kommunestyret kan pålegga kontrollutvalet saker. Kontrollutvalet vel elles sjølv saker dei vil handsame, og skal melde tilbake til kommunestyret om sin aktivitet. Årsmeldinga frå kontrollutvalet til kommunestyret er ein av måtane å rapportere på.

Kontrollutvalet kjøper sekretariatstenester frå Hordaland fylkeskommune. Sekretariatet skal til ei kvar tid yta kontrollutvalet dei tenestene som utvalet har trong for. Sekretariatet skal etter forskrifta m.a. sjå til at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidde. Sekretariatet gjev innstilling i saker til kontrollutvalet.

#### 1.1 *Kontrollutvalet i Samnanger kommune for valperioden 2007 – 2011 har hatt slik samansetjing:*

##### Medlemmer:

Gisle Gardar Øye – leiar (H)  
Anne Gerd Tandstad – nestleiar (Sp)  
Elin Dyrseth Liøen (Ap)  
Laila Midtun (Bygd.)  
Jens Harald Abotnes (Krf)

##### Vararepresentant:

Vibeke Bohre Våge (Frp)  
Hans Solberg (Sp)  
Osvald Lønnebakken (Ap)  
Idar Reistad (Bygd.)  
Ove Aasebø (Krf)

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Laila Midtun og Jens Harald Abotnes var representantar som var kommunestyremedlemmer i valperioden 2007 – 2011. Laila Midtun tok 01.08.11 til i stilling som skatteoppkrevjar i Samnanger kommune, og vart då ikkje lenger valgbar til kontrollutvalet. I siste møte etter at ho tok til i stillingen vart det difor kalla inn vararepresentant for henne.

I kommunestyremøte 20.10.11 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Kontrollutvalet (KU) skal ha følgjande medlemmer og varamedlemmer 2011 – 2015. Sjå tabellen nedanfor.*

2. *Leiar for kontrollutvalet vert Jens Harald Abotnes.*

3. *Nestleiar for kontrollutvalet vert Hans Solberg.*

Kontrollutvalet ( KU ), 5 medlemmer, 2 frå kommunestyret:

	<i>Bygdelista</i>	<i>Frp</i>	<i>Krf</i>	<i>Sp</i>	<i>Arbeiderpart.</i>
<i>Repr.</i>	<i>Lena Tveit</i>	<i>Svein Verner Røseth</i>	<i>Jens Harald Abotnes</i>	<i>Hans Solberg</i>	<i>Elin Liøen</i>
<i>1.vara repr.</i>	<i>Arne Einar Holmeffjord</i>	<i>Morten Røen</i>	<i>Brynjulv Hernes</i>	<i>Anne Tandstad</i>	<i>Nils Gåsdal</i>
<i>2.vara repr.</i>	<i>Rita M. Taule</i>	<i>Arne Norvald Tverlid</i>	<i>Torill Abotnes Moss</i>	<i>Arne Jørgensen</i>	
<i>3.vara repr.</i>		<i>Marion Langhelle Pedersen</i>			

Det nyvalde kontrollutvalet hadde eit møte i 2011.

## OM REVISOR:

### 2. *Revisjonsordninga.*

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Frå 01.07.10 har Deloitte vore revisor for Samnanger kommune.

Kontrollutvalet har fått framlagt erklæring om uavhengighet og plan for revisjonen sitt arbeid. Notat om revisjonsmandat, som definerer kva arbeidet til revisor inneber, er og lagt fram for kontrollutvalet.

Med bakgrunn i revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har kontrollutvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet med dei aktuelle aktørane har vore godt i 2011.

## OM SEKRETARIATSTENESTA:

### 3. *Sekretariatsordninga*

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørgja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredstillar utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har fire stillingar, og er sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Kvinnherad, Stord, Fitjar, Bømlo, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang,

Odda, Voss, Fusa, Øygarden og Sund. På slutten av 2011 inngjekk sekretariatet også avtale med Os kommune om sekretariatstenester. Sekretariatet er og sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), som er eit landsdekkande interesseorgan for kontrollutvala og deira sekretariat.

### **3.1 *Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)***

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er ein møte- og kompetanseplass, først og fremst for kontrollutvala, men også for deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger har gjort vedtak om å bli medlem i FKT frå og med 2011. I 2011 hadde FKT sin årlege fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen. På heimesida til FKT vert det samla aktuell informasjon og døme på rapportar etter arbeid med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå kommunane. Det vert og sendt ut medlemsbrev som inneheld aktuell informasjon om saksfeltet kontroll og tilsyn. ([www.fkt.no](http://www.fkt.no))

## **FØREMÅL OG OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE:**

### **4 *Føremål og oppgaver***

Kontrollutvala har som oppgåve å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Oppgåva omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgaver.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

## **OVERSYN OVER SAKER TIL HANDSAMING:**

### **5 *Arbeid i kontrollutvalet i 2011***

- Kontrollutvalet hadde 4 ordinære møter og handsama 33 saker i 2011.
- Møta vart haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova sin hovudregel § 77.8.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vore innkalla til møter.
- Revisjonen har og delteke på dei fleste møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjon det vart bede om.

#### **5.1 *Viktige saker til handsaming i 2011***

Av dei viktigaste sakene kan nemnast:

- Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune for 2010.
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2010.
- Budsjett for kontrollutvalet.
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar og saker.
- Kontrollrapport 2010 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune
- Utvalet har og som fast punkt på saklista – ”utvalet sitt kvarter”, samt meldingar og orienteringssaker.

### **6 *Tilsyn frå Fylkesmannen***

Når Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ein av sine oppgaver å følgja med i slike tilsynssaker. Fylkesmannen har gjennomført tre tilsyn i Samnanger kommune i 2010. Arbeid med oppfølging av tilrådingar og pålegg som vart gjeve under tilsyna, vart gjort i 2011.

Vedr. Tilsyn med Samnanger kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap:

I rapporten etter tilsynet kom det fram:

*”Samnanger kommune har ikkje utarbeidd overordna ROS-analyse, jf. § 15 a i lov av 17. juli 1953 nr. 9 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret.*

*Det vart gjeve følgjande merknader:*

- 1. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap får ikkje tilstrekkeleg merksemd og manglar forankring.*
- 2. Kommunen sitt overordna mål innan samfunnstryggleik og beredskap er ikkje brote ned i ulike delmål og årsmål.*
- 3. Kommunen sin beredskapsplan er gamal og treng oppdatering.*
- 4. Kommunen har ikkje rutinar for systematisk kompetansekartlegging og kompetanseutvikling.”*

Kontrollutvalet har etterspurt, og fått svar frå administrasjonen på korleis kommunen vil arbeida med å følgja opp påpeikingane i rapporten. Arbeidet trekte noko ut i tid på grunn av manglande kapasitet i kommuneadministrasjonen, med bl.a. sjukefråvær i toppleinga.

I 2011 utarbeidde og vedtok kommunen overordna ROS-analyse for Samnanger kommune. I brev av 16.06.11 melder Fylkesmannen frå om at ein meiner at avviket frå tilsynet med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet er lukka. I same brevet minner Fylkesmannen om at ROS-analysar skal oppdaterast og reviderast regelmessig.

Vedr. Tilsyn som gjeld handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i Samnanger kommune:

I rapporten etter tilsynet vart det meldt om to avvik:

- *Samnanger kommune sikrar ikkje at det vert innhenta naudsynnte opplysningar ved handsaming av søknadar om økonomisk stønad*
- *Kommunen sikrar ikkje at søknader om økonomisk stønad vert avgjort etter ei konkret individuell vurdering”*

Kontrollutvalet har og følgd opp arbeidet etter dette tilsynet. Administrasjonen har meldt frå om at det er oppretta / endra rutinar for områda som er påpeika. I 2011 har Fylkesmannen meldt tilbake til kommunen om at dei avvika ein fann ved tilsynet er følgde opp på ein tilfredstillande måte, og at avviket er lukka.

Vedr. Tilsyn som gjeld Samnanger kommune sine tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hjå eldre i heimetenesta:

I rapporten etter tilsynet er det påpeika eit avvik frå sosial- og helselovgjevinga:

*”Kommunen sikrar ikkje at identifisering, kartlegging og oppfølging av tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hos eldre som får heimetenester er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer på området.”*

Administrasjonen har meldt tilbake til Fylkesmannen om tiltak som er sett i verk for å lukke avviket. Av tiltak som er sett i verk kan nemnast: opplæring og informasjon til tilsett, informasjon til innbygarane, vurdering av journalsystem, utarbeiding av prosedyrar, mellom anna samarbeidsrutinar mellom Samnangerheimen og heimetenesta.

Kontrollutvalet har fått orientering om arbeid med oppfølging også etter dette tilsynet. Ein har vidare fått melding om at kommunen har følgd opp pålegg og tilrådingar på ein tilfredstillande måte, og at avviket er lukka.



## ARBEID MED FORVALTNINGSREVISJON:

### 7 *Arbeid med forvaltningsrevisjon i 2011*

Det vart gjort vedtak om evaluering av "Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011" i kommunestyret 24.02.11. Prosjekt, som ein ønskte å gjennomføra forvaltningsrevisjon innan, vart prioritert i denne planen.

Ut frå denne prioriteringa vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjonsprosjekt innan pleie- og omsorgsområdet. Etter drøfting i kontrollutvalet vart det gjort bestilling til revisjonen, og det vart tinga prosjektplan. Føremål og problemstillingar for forvaltningsrevisjonen skulle vera:

*"Føremålet med forvaltningsrevisjonen skal vera å undersøkja om tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune er tilfredstillande ut frå relevante lover, forskrifter, anna aktuelt regelverk og interne retningslinjer. Med bakgrunn i dette føremålet skal følgjande problemstillingar undersøkast:*

1. *Er tildeling av pleie- og omsorgstenester i samsvar med gjeldande reglar for sakshandsaming?*
  - a. *Har kommunen gode rutinar for vurdering av tenestebehov og tildeling av tenester?*
  - b. *Blir det fatta enkeltvedtak ved førespurnad om pleie- og omsorgstenester?*
  - c. *Er enkeltvedtak om pleie- og omsorgstenester i samsvar med forvaltningslova?*
  - d. *Har kommunen eit tilfredstillande system for handsaming av klager på vedtak?*
  - e. *Har kommunen ventelister for tildeling av institusjonsplass?*
2. *Har kommunen eit føremålstenleg system knytt til utarbeiding og oppfølging av budsjett?*
  - a. *Har kommunen etablerte rutinar for medverknad frå pleie- og omsorgstenesta i budsjettprosessen?*
  - b. *Er ansvar og mynde klart definert?*
  - c. *Har kommunen i tilstrekkeleg grad etablert rutinar for rapportering i høve til budsjett?*
  - d. *Har kommunen rutinar for endring av budsjett?"*

I prosjektplanen vart det skissert at arbeidet med forvaltningsrevisjonen skulle vera ferdig i løpet av september 2011. Men arbeidet vart forseinka på grunn av kapasitet hjå administrasjonen til å svara på førespurnader som var grunnlag for arbeidet. Rapport etter arbeidet med forvaltningsrevisjonen vart først lagt fram for det nye kontrollutvalet i møte 13.12.11, og den vart handsama i kommunestyret i møte 22.02.12.

#### 7.1 *Tidlegare forvaltningsrevisjonar*

I 2009 gjennomførte kontrollutvalet to forvaltningsrevisjonar:

- Prosjekt med å sjå på "Offentlege innkjøp"
- Prosjekt med å sjå på administrative rutinar for iverksetting av politiske vedtak og for rapportering til politiske utval.

Kontrollutvalet bør vurderer å få ei tilbakemelding med tilstandsrapport etter desse prosjekta.

## ARBEID MED SELSKAPSKONTROLL:

### 8 *Arbeid med selskapskontroll i 2011*

Arbeid med selskapskontroll er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Parallelt med evaluering av "Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011" vart og "Plan for selskapskontroll 2008 – 2011" gjennomgått og evaluert i 2011. Det er ikkje gjennomført prosjekt innan selskapskontroll i 2011.

## ORIENTERINGSSAKER TIL KONTROLLUTVALET

### 9 *I 2011 har det blitt gjeve orientering til kontrollutvalet i mellom anna desse sakene:*

- Orientering om kva ansvar og oppgåver Kyrkjeleg Fellelsråd i Samnanger har.
- Prosess vedr. byggeprogram for Samnanger barneskule
- Orientering om avvikling av Midthordland Revisjonsdistrikt
- Rekneskapsrapportar for kommunebudsjettet
- Budsjettstatus for kontrollutvalet sitt budsjett
- Om kontrollutvalet si plassering på heimesida til kommunen

I nokre av desse sakene har kontrollutvalet sagt seg tilfreds med arbeidet som er gjort. Men i andre saker vil kontrollutvalet framleis sjå til at det vert føreteke oppfølging.

## ARBEID MED REKNESKAPSREVISJON:

### 10 *Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune*

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2010 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 104.952.824 til fordeling drift
- det var eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1.460.627.
- positivt netto driftsresultat var på kr 1.632.001,64.
- Netto driftsresultat omrekna i netto resultatgrad vart 1 % , sett opp mot sum driftsinntekter

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

*”Også for 2010 kan me leggja fram eit positivt driftsresultat. Hovudgrunnen til det positive resultatet skuldast betre skatteinngang enn forventat. For Samnanger sin del var det ikkje klart før i november månad, noko som er problematisk i høve til styring.*

*Ressursbruken på fleire område gir grunn til uro, både pga overforbruk i høve til budsjettet og også fordi me har ein høg standard på nokre tenester i høve til andre. Innan skuleområdet har me fått til forventat innsparinga. Med tanke på dei store investeringsoppgåvene me står føre, må bremsene setjast på slik at me kan leggja oss opp midlar til å møte store kapitalutgifter. God budsjett og rekneskapsstyring tilseier eit netto driftsresultat på 3 %. Det ville bety eit overskot i rekneskapen på 3,5 mill. kroner.”*

Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for kommunen for 2010 er lagt fram på ein god måte.

#### 10.1 *Skatteoppkrevjarfunksjonen*

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2010 til handsaming.

Kontrollutvalet merka seg Skatteetaten, Skatt Vest, sin konklusjon med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.

Samnanger, 16.04.2012

Jens Harald Abotnes  
Leiar i kontrollutvalet



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 16. april 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 16/12

### 16/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 30.01.12 og 22.02.12
- Formannskapet 08.02.12 og 27.03.12
- Utval for oppvekst og omsorg 07.02.12 og 27.03.12
- Naturutvalet 06.02.12 og 28.03.12

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar